



Arkoconsult AS  
Postb. 103, HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar: Widar Sorø  
Vår: 15/2754 - 15/19830

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

05.11.2015

## Førebels tilbakemelding - oppstart av ny reguleringsplan på Mjåtveitstø

Syner til e-post motteke den 19.10.2015 gjeldande førespurnad om oppstart av ny reguleringsplan på Mjåtveitstø.

Plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 krev at det før oppstart av reguleringsplan skal gjennomførast eit formelt oppstartsmøte: *«Når forslagsstilleren er en annen enn planmyndigheten selv, skal planspørsmålet legges fram for planmyndigheten i møte. Kommunen kan gi råd om hvordan planen bør utarbeides, og kan bistå i planarbeidet».*

### Me treng utfyllande opplysningar om planområdet:

Meld attende til planavdelinga om tal på representantar som stiller frå høvesvis tiltakshavar, fagkyndige, evt. andre.

Materialet til førebuing av møtet kan sendast på e-post til sakshandsamar eller via post til Meland kommune v/ Plankontoret, Postb. 79, 5906 Frekhaug.

Ein ber om at de på førehand gjer dykk kjent med *«Startpakke for private planar etter plan- og bygningslova for kommunane i Nordhordland og Gulen»*, særskild vedlegg B og C som omhandlar oppstartsmøte, sjå vedlegg.

### Naudsynt førehandsinformasjon

For førebuing til oppstartsmøte må vi ha motteke følgjande informasjon.

1. oversikt over tiltakshavar og konsulent for planarbeidet
2. kort skildring av føremål med planarbeidet
3. særlege tema ein ynskjer å få avklart

### Anna førebuing

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

For å få best mogleg nytte av oppstartsmøtet kan de og sende inn informasjon gjeldande;

#### Presentasjon av tiltak og planområdet (kort skildring over det ein kjenner til)

1. Bakgrunn / historikk.
2. Intensjon.
3. Idéskisser.

#### Situasjonen i dag

1. Kort skildring av området.
2. Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (td. Undersøkingar av grunn/ arkeologiske undersøkingar/ el. anna relevant kartlegging)
3. Klargjering av eigedomstilhøve, eigedomsgrenser, matrikkelrettar, mm.

#### Tilhøvet til gjeldande kommuneplan/ reguleringsplan/ regionale og statlige føringar

#### **Konsekvensutgreiing**

Forslagstillar bør og vurdere om det vil bli krav om konsekvensutgreiing, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Planprosess og plantype vil bli drøfta på møtet.

#### **Risiko og sårbaranalyse**

For alle planforslag skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse jf. pbl § 4-3.

Kommunen har vedteke akseptkriterier med metode for gjennomføring av ROS. Dokumentet kan lastast ned frå kommunen si heimeside: <http://www.meland.kommune.no/plan-og-reguleringssaker.298758.nn.html>

#### **Gebyr**

For handsaming av private reguleringsplaner tek kommunen gebyr. Sjå kommunen sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside, på same lenka som ovanfor.

Når me har fått utfyllande opplysningar til gjennomsyn, vil me kalle inn til oppstartsmøte. Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

1 Startpakke Privat RegPlan 190110

**Mottakere:**

**Mottakere:**  
Arkoconsult AS

Postb. 103, HTB- 5291  
bygget

VALESTRANDSFOSSEN